



Ingrid Eriksen
Skarpenesvegen 127
5918 FREKHAUG


Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/419 - 14/7601

Saksbehandlar:
Hans Kristian Dolmen
HansKristian.dolmen@meland.kommune.no

Dato:
15.05.2014

Reguleringsplan for hyttefelt på Skarpenes - Avklaring i høve til planstatus - gnr 41 bnr 3

Meland kommune mottok 29.01.2014 søknad om frådeling av tomt gjeldande eigedom gnr 41 bnr 3 innan for planområde for hyttefelt på Skarpenes. Det aktuelle arealet ligg i den delen av planområdet der det ligg nokre eigedomar lagt ut til bustadføreml og er markert i kartutsnittet.



Meland kommune gav i mellombels svar til grunneigar/søkjar melding om at søknad om deling til føremål bustad ikkje var i tråd med reguleringsplanen og at det enten måtte søkjast om dispensasjon eller ei mindre endring av plan. Denne oppfatninga av plangrunnlaget delte ikkje søkjar og etter ei runde i arkiv og gjennomgang av dokumentasjon kan ein konstatere at det er ein påviseleg feil i plangrunnlaget slik det framstår i kartutsnittet. For dykk som allerie er varsla i saka som naboar ser administrasjonen det som naturleg at dykk og vert orientert om dette tilhøvet.

Planendring

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Hausten 1996 og vinteren 1997 vart det gjennomført ei endring av reguleringsplanen som etter handsaming i planutvalet endte opp med godkjenning i kommunestyret den 05.03.1997 i sak 16/97. For dei areal eller eigedomar som er lagt ut til bustadføre mål i reguleringsplanen vart det mellom anna gjort følgjande endringar i plan:

1. *To nåverande hyttetomter (bnr 19 og 16) er omregulert til bustadhus og kan nyttast som heilårsbustader om ynskjeleg. Areal er og auka slik at dei no grensar mot granneeigedomen i sørvest.*
2. *Det er innregulert to nye bustadtomter merka B1 og B2 på reguleringskartet.*
3. *Gnr.41 og bnr 78 som tidlegare var definert som våningshus på hovedbruket, bnr.3 er no regulert til bustadhus.*

Det ligg vidare i saksutgreiinga til saka at da «..tiltakshavar har hatt vanskar med å få tidlegare planleggingsfirma til å utføre reguleringsplanendringa, har teknisk etat påtatt seg dette..». Handsaminga og godekjenning både i planutval og kommunestyret gjekk utan særskilte merknadar.

Vidare framhald i saka

Med denne dokumentasjonen er det naudsynt å oppdatere plankartet da det framstår med ein openbar feil slik at det vert i tråd med gjeldande vedtak. Der er ikkje seinare vedtak for planområdet som sett til sides vedtak av 05.03.1997. Det er gjort ei seinare planendring, men denne gjeld ikkje dette området. I utgangspunktet ser administrasjonen på endringa/oppdateringa som å vere av teknisk art. Det vil seie at fargen i plankartet berre vert endra i tråd med vedtak.

Meland kommune har motteke ein merknad frå ein av dei naboane som er varsla. Med bakgrunn i denne orienteringa vil me tilrå til dykk som tiltakshavar at den som har kome med merknad får høve til og områ seg om merknaden skal følgje saka vidare då forutsetningane for merknaden kan hevdast å vere endra.

Eigar av gnr 41 bnr 16 (Roar Levin) har gått bort. Det har så langt ikkje vore mogleg for søkjar eller administrasjonen å finne fram til etterkomarar. Dersom nokon av dykk har kjennskap til nokon er me takknemlege for å få vite om desse.

Dersom nokon av dykk har spørsmål knytta til vurderinga av plangrunnlaget kan underteikna kontaktast på 56 17 11 92 eller på epost, hanskristian.dolmen@meland.kommune.no .

Med helsing

Hans Kristian Dolmen
arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sølvi og Tommy Wallem	Skarpenesvegen 126	5918	FREKHAUG
Øystein Skarpenes	Skarpenesvegen 101	5918	FREKHAUG
Cathrine Grasdal	Bakkegaten 10	5032	BERGEN
Randi og Terje Hilland	Skarpenesvegen 120	5918	FREKHAUG
Ranveig og Nils Skarpenes	Skarpenesvegen 118	5918	FREKHAUG
Edvina Neskic og Jan Helland	Fureskjeggvegen 28	5918	FREKHAUG
Jan Børre Eriksen	Skarpenesvegen 137	5918	FREKHAUG

Mottakere:

Ingrid Eriksen	Skarpenesvegen 127	5918	FREKHAUG
----------------	--------------------	------	----------